



Larsen og Solheim AS
Øvre Kråkenes 17
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 15/36338

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
30.11.2015

Tilbakemelding frå Lindås kommune v/byggesaksavdelinga på søknad om bruksendring frå hotell til asylmottak - gbnr 99/31 og 99/27 Våge

Lindås kommune viser til innsendt søknad om bruksendring frå hotell til asylmottak først mottatt 17.11.2015 med seinare suppleringar. Ansvarleg søkjar har meldt at det er mogeleg at det kjem ytterlegare supplering til søknaden. På bakgrunn av dette avventar Lindås kommune handsaming av søknaden til ansvarleg søkjar melder tilbake at søknaden er klar frå deira side.

Ansvarleg søkjar har bedt om kommunen si tilbakemelding på søknaden før den er handsama, då det er avgjerande for tildeling av anbud frå UDI.

Lindås kommune er positiv til å gje eit vedtak om dispensasjon og bruksendring frå hotell til asylmottak. Eit positivt vedtak vert gjeve på bakgrunn av at tiltaket stettar krava til vassforsyning og avløp i plan- og bygningslova (pbl) §§ 27-1 og 27-2. Vedtaket vert og gjeve under føresetnad av at øvrige krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova vert stetta. For visse krav kan det gjevast unntak frå krava til teknisk forskrift (TEK10), der det er forsvarleg og nødvendig for å sikre hensiktsmessig bruk jf. pbl § 31-2. Denne vurderinga vil skje i den konkrete sakshandsaminga av innsendte søknad. Vedtaket kan bli gjeve på vilkår.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:
Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Mottakarar:

Larsen og Solheim AS

Øvre Kråkenes 17 5152

BØNES